

MØTEREFERAT

Til stades: Thomas Petter Johnsen – Bibliotekservice, Michael Mørk Amundsen – Sikt, Arnvid Hellebust – Sikt, Magdalena Olofsson – Axiell, Pernille Grydeland Paugard – Axiell, Eirik Bøhn Hagen – Axiell, Elise Conradi – Biblioteksentralen, Kevin Berhagen – Bokbasen (deltek berre på møtet), Helle Lauridsen – Systematic, Monica Skybakmoen – Bibliotek-Systemer, Roger Niva – Bibliotek-Systemer, Tore Morkemo – Bibliotek-Systemer, Hilde Høgås – Nasjonalbiblioteket, Tom Kristian Olsen – Nasjonalbiblioteket, Venke Uglenes – Nasjonalbiblioteket, Inger Stenersen – Nasjonalbiblioteket, Svein Arne Tinnesand – Nasjonalbiblioteket (deltek for saka om statistikk), Kenneth Hole, Tind, Marie Johansen, Deichman

Meldt avbod: Libriotech, Bibliotek24

Emne: Møte i Biblioteksystemleverandørgruppe

Dato: 28.05.2025

Saksliste:

1. Metadatabrønnen og metadataleveransen
2. Statistikk. Bokbasen og forleggarane ønsker saman med Nasjonalbiblioteket å få tal frå biblioteka inn i bokbransjestatistikken
3. Sikt vil snakke om å avvikle fjernlånsskjema i Oria, og konsekvensane av det
4. Nasjonalt lånerregister generelt
5. HMAC for Nasjonalt lånerregister. Skal det vere ein del av NCIP-profilen, eller berre for UserUpdated? Er det betre å implementere det for alle NCIP-kalla? Og kva med Bibsøk?
6. Lunsj
7. Omvisning på NBs utstilling og presentasjon, av Inger Stenersen
8. Presentasjon om vårt arbeid med kunstig intelligens, maskinlæring, Språkbanken, digital bevaring og Nettbiblioteket. Av Inger Stenersen

Presentasjon og kort status rundt bordet

1. Metadatabrønnen og metadataleveransen

Hilde Høgås frå NB introduserte: Hovudmålet ei autorisert kjelde av bibliografiske data ut til bibliotek. I tillegg behov for overføring frå marc- data til lenka data. Metadataleveranse: data

frå norsk forslagslitteratur. Frå 2024 er Bokbasen produsent av disse metadata- også direkte til pliktavlevert materiale.

Metadatabrønneren blir operativ frå juni 2025. Leverer ut ulike format. (ulike json, rda, marc21,) Hentar data frå alle tilgjengelege kjelder, frå lokale bibliotekatalogane sjølv, (td, musikk, lokalhistorie), eigne kjelder og Bokbasen. Målet er at alle data til bibliotek kan hentast ut frå brønneren.

ONYX og marc21 kan synkroniserast inn i metadatabrønneren.

Biblioteksøk vil kunne hente ut data frå brønneren, forutsatt at bibliotek leverer inn data.

Biblioteksentralen kjem med nye sider der alle lenker og informasjon:

<https://www.bibliotekenes.no/metadata>

2. Statistikk. Bokbasen og forleggarane ønsker saman med Nasjonalbiblioteket å få tal frå biblioteka inn i bokbransjestatistikken

Kevin Berhagen frå Bokbasen orienterte:

Utgangspunktet var førespurnad frå forlag. Men dette er óg noko Nasjonalbiblioteket jamleg har fått spørsmål om. Frå forskarar, studentar, rettighetsorganisasjonar, biblioteka sjølv og pressa. Bokbasen ønsker å samle inn, og gjere tilgjengeleg datafiler. Dei vil dele med Nasjonalbibliotek, forlag og bibliotekleverandørar. Treng data på ISBN-nivå pluss alder på låner. Har sett opp eit API -endepunkt.

- Bokbasen tek kontakt med det enkelte leverandør. E-post kjem snarleg. Ønsker å få tilbakemeldingar no, så kan løysinga utviklast i samarbeid.
Til dømes: Kor enkelt er det for den enkelte leverandøren? Kva er kostnaden for den enkelte?
- Innspel: Ønske at det må vere transparent kven som får tilgang til desse data, og frå kven.
- Spørsmål: Kan data gjerast tilgjengeleg til systemleverandørane?
- Spesifisering: dei enkelte utlåna per bibliotek, per dag.

3. Sikt vil avvikle fjernlånskjema i Oria

Michael Mørk Amundsen frå Sikt orienterte:

Oria har eit eige fjernlånskjema for ikkje-Alma bibliotek. Her kan ein spesifisere kva bibliotek lånet ønsker å låne frå. Har fungert som eit alternativ til Biblioteksøk fram til no. 10 000 lån i året. Ønsker å legge dette ned. Ingen motargument.

4. Nasjonalt lånerregister generelt

Inger Stenersen frå NB orienterte:

Sperrene er ikkje sette på. Ventar framleis på Systematic og Deichman.

Det siste REST-service tilbodet (om vasking av listene) er ikkje publisert til biblioteka enno. NB vil alltid gjere biblioteka merksame på kva som vil vere mogleg for alle systemleverandørane å utvikle.

For å gjere påmelding på nett så sikker som mogleg, vil NB få biblioteka med på ei kampanje for å få alle lånarar til å gå bort frå berre pin-kode.

Alle bibliotek har no underskrive databehandleravtalen

Sikt er ikkje med i registeret. Studentar må ha bibliotekkortet i tillegg for å få tilgang til tenester som autoriserer opp mot bibliotekkortet.

Systematic understrekar at det går sakte fordi dei meiner NCIP ikkje har gode nok sikkerheitskrav.

5. HMAC for Nasjonalt lånerregister. Skal det vere ein del av NCIP-profilen, eller berre for UserUpdated? Er det betre å implementere det for alle NCIP-kalla? Og kva med Bibsøk?

Roger Niva Bibliotek-Systemer orienterte:

- Userupdated- kall som sender nasjonalt lånernummer – problematisk for sikkerheit.
- To spørsmål:
 - o Bør ncip-kalla vere autentisert med brukarnamn og passord?
 - o Bør ein lage ein hmac som viser kvar kallet kjem frå?

Passorda er henta ut frå Base bibliotek per biblioteknummer.

Må sjå på kostnaden for å innføre desse to endringane, i forhold til kva ein tener på det.

-TK- Eit alternativ kan vere å lage ein hash av kallet, som ein Signatur (Den kan vere bakoverkompatibel)

Bibliotek-Systemer vil sende ut innkalling med utfyllande beskrivelse til eit reint teknisk møte for relevante partnere.

Eventuelt

Orientering om endringane i Biblioteksøk frå Biblioteksystemer:

Stor ryddejobb, med deduplisering. Micromarcpostane blir ikkje med i ny løysing. Fram til no har det vore samanslåing av postar- no er det autoriserte kjelder med enkeltpostar. Haustar inn Alma-bibliotek som ein institusjon. Noko endringar av brukargrensesnitt. Les meir forbetringane her:

<https://bibliotekutvikling.no/nyheter/storre-oppgradering-av-biblioteksok-forbedret-sok-og-ny-visning/>